

Protokoll frå regionstyremøte

Møte nr. 5/2015

Dato: 5. - 6.12. 2015

Sted: Nordfjord Hotell, Nordfjordeid

Til stades frå styret:

Nils-Gunnar Solli, Caroline Bjørge, Hilde Hoddevik, Knut Mikkelsen, Gry Sissel Sagen, Hilde Horpen (1. vara)

Forfall:

Kari Klokseth

Til stades frå administrasjonen:

Dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli

Vedtakssaker:

44/2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent.

45/2015

Økonomistatus pr. 31. november 2015, prognose og årsregnskap 2015

Vedtak:

Regionstyret tek økonomistatus med prognose for årsregnskap for 2015 til vitande.

46/2015

Budsjett 2016

Vedtak:

Regionstyret sluttar seg til administrasjonen sitt alternative forslag til budsjett formulert med «Solid overskot» med følgjande presiseringar:

1. Aktiviteten til regionkorpsa NUB og NUK vert stilt i bero for 2016 og første halvår 2017. Regionstyret vurderer å reorganisere aktiviteten frå og med hausten 2017. Målet med dette skal mellom anna være å ha eit representasjonskorps i jubileumsåret 2018. Første kvartal 2016 er å sjå som ein avviklingsperiode.
2. Regionstyret vurderer alternative møteformer i 2016 for å redusere kostnader. AU avgjer dette for kvart møte, avhengig av saklista sitt omfang.
3. Regionstyret presiserer det som tidlegare er uttalt om at tiltaka Nordvesten for vaksenkorps og nytt grått kurs for Brass Band sommaren 2016 skal som minimum gå i balanse for å bli gjennomført.

4. Det blir ikkje gjennomført distriktsmøter i 2016, men regionstyret prioriterer konkrete kurstilbod knytt til erfaringane frå distriktsmøta i 2015.
5. Grunngeving for dette budsjettvedtaket er regionens behov for betre likviditeten og bygge eigenkapital.

47/2015

OU - saka, høyringVedtak:

1. Uttale frå NMF Nordvest til OU-utvalet si innstilling blir utsatt til det ligg føre eit endeleg dokument.
2. Regionstyret takkar Oddgeir Øren for innsatsen som region Nordvest sin representant i OU-utvalet.

48/2015

3.

Jubileet 2018Vedtak:

Regionstyret har som mål å gjennomføre regionale og lokale tiltak i jubileumsåret 2018 knytt til følgande element:

1. Arrangement knytt til korps som sjølv feirar 100 år i jubileumsåret.
2. Konsert med regionkorps, eventuelt kopla til eit hovudarrangement for NMF Nordvest.
3. Dokumentasjonstiltak i samarbeid med lokale historielag og/eller regionale museum.
4. Samarbeid med Den kulturelle skulesekken.
5. Tiltak som skal gjennomførast i jubileumsåret 2018 må ha si eiga finansiering utanom det ordinære budsjettet.

49/2015

Representasjonsoppdrag / møtedeltakingVedtak:

1. Styreleiar vil vera representert på nasjonalt leiarmøte på Hell i januar 2016.
2. Invitere til møte med politisk leiing på kulturområda i dei to fylkeskommunane Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Dette vert søkt gjennomført i løpet av første halvår 2016.
3. Styreleiar var på 50-års jubileet til Langmyra skolemusikkorps i Molde 1. november 2015.
4. Styreleiar og administrasjonen deltok på dialogmøte i regi av kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune om omlegging av fylkeskommunalt tilskot til frivillige lag og organisasjonar.

50/2015

Aktivitetsplan 2015 - 2017

Vedtak:

1. Aktivitetsplana vert godkjent med oppdatering i tråd med budsjettvedtak gjort i sak 46/2015, når det gjeld regionkorps og distriktsmøter.
2. Dei nye kurstilboda i 2016, som ligg i Kristiansund, Førde, Ulsteinvik og Ørsta, skal evaluerast før dei eventuelt vert lagt inn i aktivitetsplana for 2017.
3. NM-arrangementa for 2016 skal inn i aktivitetsplana.

51/2015

RPS - Regional planstrategi frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Vedtak:

Regionstyret for NMF Nordvest viser til RPS for Møre og Romsdal sine målformuleringar om m.a. eit godt og breitt kultur- og fritidstilbod, og pkt. 3.2 om utfordringane på kulturområdet. Regionstyret meiner det er viktig å ha eit tydelegare fokus på oppfølging av fylkeskommunen sin eigen frivilligplan og prioriteringa av innsatsen overfor frivillig sektor.

52/2015

Evaluering av distriktsmøta 2015

Gry Sissel, Knut og Nils-Gunnar orienterte om møta i Lavik og Eide.

Vedtak:

1. Vertskorpsa får kroner 1500,- for møtevertsskapet, inkludert faktiske kostnader.
2. Informasjonen frå distriktsmøta tas til orientering.
3. Regionstyret ber administrasjonen vurdere å sette opp kurstilbod i Korpsdriftsportalen, med spesiell vinkling på økonomimodulen og eit materialforvaltarkurs.

53/2015

Evaluering av Nordvesten vaksenkorps 2015

Vedtak:

1. Regionstyret tek evalueringsrapporten frå Molde Janitsjar om Nordvesten 2015 for vaksenkorps til orientering.
2. Regionstyret vil beklage manglande deltaking på det totale programmet for Nordvesten vaksenkorps.
3. Regionstyret ber administrasjonen vurdere alternative opplegg for gjennomføring av Nordvesten for vaksenkorps. Eiga sak vert lagt fram for regionstyret om dette.

54/ 2015

Strategi regionkorps sesongen 2015/2016

Vedtak:

Saka utgår, jamfør budsjettvedtak i 46/2015.

55/ 2015

Samlingssted NUK, april 2016

Vedtak:

Saka utgår, jamfør budsjettvedtak i 46/2015.

56/ 2015

Inkludering i NMF Nordvest
Vedtak:

Regionstyret tar saka til orientering.

57/ 2015

Distriktsmøter vår 2016
Vedtak:

Saka utgår, jamfør budsjettvedtak i 46/2015.

58/ 2015

Teknisk arrangørhonorar Midtnorsk Mesterskap 2016
Vedtak:

1. Teknisk arrangørhonorar vert sett til kr. 20 000,- under føresetnad om at arrangementet går over to dagar.
2. Av prinsipielle årsaker finn regionstyret det ikkje aktuelt å gi redusert deltakaravgift til Molde drill sine egne deltakarar.

62/ 2015

Settenestleiar
Vedtak:

Ved behov blir Knut Mikkelsen å fungere som nestleiar.

Orienteringssaker:

59/2015

Nytt frå regionkontoret

Dagleg leiar orienterte om:

- Kontoret er stengt i romjula, fram til 4. januar 2016.
- Det blir jobba med tilsetting av drillkonsulent.
- Det blir jobba med å skaffe nye kontorlokale for regionkontoret i Molde.
- Blir vurdert å opprette eit styreforum i Nordvest på Facebook. Det kan bli ein tydeleg og direkte kommunikasjonskanal ut til korpsa i regionen.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjon til orientering.

60/2015

Informasjon frå NMF Sentralt

Dagleg leiar orienterte om:

- Ny musikksjef er tilsett.
- Ny stab i Nord-Norge er tilsett.
- Nasjonalt har fått tildeling frå kulturdepartementet til inkluderingsarbeid.
- Det blir jobba med å skaffe nye sponsorar på nasjonalt nivå.
- Tryg-avtalen.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjon til orientering.

61/2015

Informasjon frå regionstyreleiar og/eller regionstyret sitt AU

Regionstyreleiaren orienterte om:

- Telefonmøte mellom styreleiar, nestleiar og våre representantar til OU-utvalet.
- 2 telefonmøter mellom president og regionstyreleiarane.
- AU-møte sidan førre regionstyremøte.

Vedtak:

Regionstyret tek informasjonen til orientering.

Nordfjordeid, 6.12. 2015 / Molde, 7.12.2015



Nils-Gunnar Solli
regionstyreleiar



Ingrid Sofie Nygaard
dagleg leiar